

A photograph of two young boys riding a red tricycle together on a colorful wooden ramp. The boy in the front is wearing a white t-shirt and grey pants, and the boy in the back is wearing a blue and white striped shirt and blue pants. The background is a blurred, colorful wooden structure.

Årsrapport 2009

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)

NOVA ble etablert i 1996 som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, administrativt underlagd Kunnskapsdepartementet. NOVA har som føremål å drive forskning og utviklingsarbeid som kan auke kunnskapen om sosiale forhold og endringsprosessar. Instituttet skal fokusere på problemstillingar om livsløp, levekår og livskvalitet samt tiltak og tenester i velferdssamfunnet.

Tal årsverk 2009	89
Tilsette per 31.12.09	106
– <i>Forskningspersonale</i>	90
– <i>Forskarårsverk</i>	77
Omsetnad (i millionar kroner)	89,2
– <i>Ekstern finansiering (i millionar kroner)</i>	60,8
Tal FoU-prosjekt	164
NOVA-publikasjonar	
– <i>Rapportar</i>	22
– <i>Notat</i>	9
Ekstern publisering	
– <i>Bøker, monografar</i>	9
– <i>Artiklar i vitenskaplege tidsskrift m. referee</i>	42
– <i>Artiklar i tidsskrift og bøker</i>	41

© NOVA 2010

Desktop & design: Torhild Sager & Nina Eriksen, NOVA

Trykk: Allkopi

Bilete: Omslag © Magnus Reneflot / NN / Samfoto; Foto av B. Hvinden © Forsknings-
etiske komiteer, Trond Isaksen; Foto av M. Vabø, M. Rindal & A.I. Engebriksen © H.
Dyb, NOVA.

Redaksjon:

Halvard Dyb, Nina Eriksen & Torhild Sager

Informasjon og tingingar:

NOVA • Munthesgt. 29 • 0260 Oslo Tlf.: 22 54 12 00 • E-post: nova@nova.no
Postboks 3223 Elisenberg • 0208 Oslo Nettadresse: www.nova.no

INNHALD

Frå direktøren

Styrets beretning

Strategiske satsingar

Forskning og utvikling

Formidling

Administrasjon og drift

Rekneskap

NOVA in brief

Katalog:

– Prosjekt

– Publikasjonar

– Prosjektsamarbeid

– Faglege oppgåver og verv

Vedtekter for NOVA

Frå direktøren

NOVA hadde eit godt år i 2009, med ein vekst i den vitenskaplege produksjonen. Forskarane publiserte 42 vitenskaplege artiklar i tidsskrift med fagfelle vurdering, mot 38 året før. Artiklar i vitenskaplege antologiar hadde ein sterk auke, frå 23 til 41. Dette er gledelege tal, for NOVA legg vekt på å vere eit institutt med høg vitenskapleg kompetanse.

NOVA skal også levere forskingsbasert kunnskap til beslutningstakarane og tenesteytande verksemd. Det er difor viktig for oss å vere konkurransedyktige i kampen om oppdrag på våre felt. Etter eit svakt år i 2008, skaffa vi oss mange nye prosjekt i fjor. Vi gjorde det særleg godt i Forskringsrådet, der vi fekk løyvingar på 36 millionar kroner. Elles fekk vi frå norske oppdragsgjevarar 18 millionar kroner, som er ei fordobling frå året før. Fjoråret syntte oss at vi kan hevde oss i ein skjerpa konkurranse, der også andre institutt, universitet, høgskular og konsulentfirma deltek.




Etter vedtektene skal NOVA drive ei aktiv formidlingsverksemd. Det er då gledeleg å registrere ein sterk auke i medieoppslag, frå rundt 1000 i 2008 til vel 1300 i 2009.

NOVAs styre vedtok i fjor ein ny strategiplan, og forskingsjef Bjørn Hvinden skriv ein anna stad om dei faglege satsingane i den. Vi har gjort ei omorganisering, frå tre til seks seksjonar. Målet er å styrkje den faglege leiinga og arbeidet med prosjektakkvisisjon.

NOVA har i lang tid bygt opp store og robuste datasett på fleire felt, og desse gjev eit godt grunnlag for framtidig forskingsarbeid. Dette gjeld særleg for aldersforskninga, men også for ungdomsforskninga og forskninga om barnevernet. Vi vil halde fram med å prioritere oppbygging av datasett over vår grunnløyving.

Til slutt vil eg nytte høvet til å takke alle medarbeidarane ved NOVA for stor innsats i det året som har gått.


Magnus Rindal
direktør

Styret ved NOVA

STYREMEDLEMMER 2009

Professor Lise Kjølørød, Universitetet i Oslo (leiar)

Direktør Hilde Olsen, NAV (nestleiar)

Sjølvtendig næringsdrivande / rådgjevar Maja Arnestad, Arnestad Assistanse

Kommunaldirektør Tor Åm, Trondheim kommune

Fylkeslege Petter Øgar, Helse-, sosial- og justisavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og fjordane

Professor Torberg Falch, Inst. for samfunnsøkonomi, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Forskar Kirsten Danielsen, NOVA

Forskar Axel West Pedersen, NOVA

VARAMEDLEMMER

Numeriske varamedlemmer (for Kjølørød, Arnestad, Olsen, Åm, Øgar og Falch)

Forskar Ann Therese Lotherington, Kultur og samfunn, NORUT Tromsø

Forskningsdirektør Svern-Åge Dahl, Universitetet i Bergen

Generalsekretær Liv Arum, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon

Personlege varamedlemmer

Forskar Anders Bakken (for Danielsen), NOVA

Informasjonsrådgjevar Nina Eriksen (for Pedersen), NOVA

Styret for NOVA er oppnemnd av Kunnskapsdepartementet. Styret har gjennom året halde fire styremøte, og saklista for NOVAs styre i 2009 tel 44 saker.

NOVA har som hovedoppgave å levere forskningsbasert kunnskap til beslutningstakere og utøvende virksomhet. Styret er tilfreds med å kunne rapportere om en stor og gledelig økning i nye prosjekter i 2009. Samlet sett fikk NOVA prosjektbevilgninger på ca. 55 millioner kroner, som er det høyeste i instituttets historie. Hele 40 prosent av søknadene ble innvilget.

Som del av virksomheten skal NOVA utføre grunnleggende forskning på et godt internasjonalt nivå. Bevilgninger fra Norges forskningsråd gir en god pekepinn om instituttet lykkes med dette. Etter et overraskende dårlig år i 2008, satset NOVA i 2009 sterkt på prosjektakkvisisjon. Det har gitt resultater. Bevilgningene fra Forskningsrådet utgjorde ca. 35 millioner. Som ett av fem miljøer fikk NOVA, gjennom Infrastrukturprogrammet i Forskningsrådet, midler til å til å legge til rette en omfattende datafil for å styrke alders- og livsløpsforskningen i Norge (NorLAG/LOGG).

Styret har vedtatt ny strategisk plan for perioden 2010–2013. Planen er å opprettholde og styrke posisjonen på fire områder hvor NOVA alt står sterkt: aldring og livsløp, barnevern, ungdomsforskning og sammenlignende velferdspolitik. Dessuten ønsker NOVA å videreutvikle kompetanse og forskning på ytterligere to områder: helse og tjenesteyting samt det som skjer i skjæringsflaten mellom internasjonal migrasjon og arbeidsmarked. På disse to områdene har instituttet et godt potensiale for å kunne svare på spørsmål som har meldt seg med full tyngde på samfunnets dagsorden. I løpet av året er den faglige virksomheten omorganisert i samsvar med den nye strategiske planen. En overgang fra tre til seks seksjoner forventes å styrke den faglige ledelsen.

I dag er mange sosiale prosesser internasjonale, og det er ofte fruktbart å kunne beskrive og fortolke norske forhold i lys av situasjonen i andre land. Den nye strategiske planen legger til rette for internasjonalt samarbeid. Flere av forskerne inngår alt nå i slikt samarbeid. Den administrative staben er forsterket med en person i 2009 for å styrke instituttets internasjonale søknadsarbeid.

Som kjent er det fra 2009 innført et nytt system for basisfinansiering i instituttsektoren som fordeler en del av grunnbevilgningen etter oppnådde resultater. Det er samtidig åpnet for strategiske instituttbevilgninger. NOVAs ledelse har fanget opp signalene og arbeidet noen år med å møte det nye systemet. Etter styrets vurdering er det nå en viktig oppgave å friste sektordepartementene til å ta i bruk forskernes kompetanse og finansiere forskning innenfor NOVAs faglige satsinger.

I 2009 har NOVA og ISF forhandlet om videre samarbeid på den administrative siden. Fra 1. januar 2010 har NOVA overtatt ansvaret for egen IT, mens de to instituttene deler bibliotek og kantine. ISF har kjøpt Fuglehauggaten 6 fra staten, og NOVA har inngått en leieavtale med ISF for deler av dette bygget.

NOVA har fortsatt solid økonomi. Instituttets samlede inntekter var vel 89 millioner kroner, en økning på ti millioner fra året før. Grunnbevilgningen utgjorde omlag 26 prosent av de samlede inntekter. Det er

bokført et regnskapsmessig overskudd på kr 681.665, og egenkapitalen er urørt.

I løpet av året utførte NOVAs forskere 77 årsverk, en stigning på 6 årsverk fra 2008. Dette er en planlagt utvikling fordi det er ønskelig å gi seksjonene handlingsrom.

Kompetansenivået i forskerstaben er høyt. Ved utgangen av året hadde 43 ansatte i hovedstilling doktorgrad, 27 kvinner og 16 menn. Instituttet hadde 28 ansatte som forsker I, som krever professorkompetanse. Hele 20 forskere, 14 kvinner og 6 menn, arbeidet med doktorgrad.


NOVA har overvekt av kvinner i alle stillingskategoriene, bortsett fra forsker I. I ledergruppen var det i 2009 3 kvinner og 3 menn, i 2010 er det 4 kvinner og 5 menn. NOVA vurderer situasjonen slik at det ikke er nødvendig å sette inn spesielle likestillingstiltak.


Sykefraværet i 2009 var 4,2 %, mot 3,3 % året før og 4,3 % i 2007.



Maja Arnestad



Lise Kjølørød



Petter Øgar


Hilde Olsen


Tor Åm


Torberg Falch


Kirsten Danielsen


Axel West Pedersen

Forsking for velferd og eit betre samfunn

NOVAs visjon

NOVAs strategi 2010-2013

NOVA har vedteke ein ny strategiplan for perioden 2010–2013. Vi ønskjer å ruste oss for dei komande åra med ein ny fagleg profil som inneber ei styrking og fornying av forskingsområda våre. NOVA ønskjer for det første å vidareføre dei områda der instituttet i dag står særleg sterkt. For det andre vil vi styrkje kompetansen vår på to område der vi har gode føresetnader for å bli mellom dei fremste miljøa i Noreg i løpet av fireårsperioden.

Fire kjerneområde og to satsingar

Dei fire forskingsområda der instituttet allereie har ein særleg sterk posisjon, er aldring og livsløp, barnevern, samanliknande velferdspolitik og ungdom. Her har instituttet som mål å vere mellom dei nasjonalt leiande i strategiperioden.

På alle fire områda har instituttet forskarar med høg kompetanse, både teoretisk og metodisk. Innan felta aldring og livsløp, barnevern og ungdom har instituttet i bygd opp store og unike datasett; dei inneheld ikkje berre tverrsnittsdata, men også data kor ein kan følgje dei same individa over tid.

Instituttet har særleg på områda aldring og livsløp og samanliknande velferdspolitik hatt framgang med å byggje opp ei sterk internasjonal stilling, mellom anna gjennom deltaking i europeiske prosjekt og som leiande institusjon i eit nordisk senter for framifrå velferdsforskning. På desse to områda har NOVA ambisjon om å bli mellom dei europeisk leiande i strategiperioden.

Vidare vil NOVA søkje å styrke si stilling på to område i løpet av strategiperioden: helse og tenesteyting og migrasjon og transnasjonalitet.



Bjørn Hvinden

Internasjonalisering

Internasjonalisering er ein sentral del av det strategiske arbeidet ved instituttet. Sterke signal både nasjonalt og internasjonalt tilseier at globalisering og omstilling til berekraftig utvikling vil vere viktige rammevilkår for instituttets forskning. I EUs rammeprogram for forskning ser vi allereie at det krevst evne til å kople våre temaområde til globalisering og berekraftig utvikling. Slike krav inneber eit breiare tverr- eller fleirfagleg samarbeid enn det NOVA så langt har stått for. Samarbeid med andre forskingsmiljø med komplementær kompetanse synest her å vere sentrale virkemiddel.

Strategien inneheld òg mål for verksemda i perioden, og du kan lese heile dokumentet på heimesida vår.

Bjørn Hvinden, forskingssjef

HELSE OG TENESTEYTING – EIT SATSINGSOMRÅDE FOR NOVA

Forskning om helse og tenesteyting er eit prioritert forskingsfelt i NOVAs strategi for perioden 2010-2013, og det blei ved årsskiftet etablert ein eigen seksjon på instituttet leia av Mia Vabø. I dette intervjuet fortel ho om forskingsfeltet og planane framover.

Kva forskar seksjonen Helse og tenesteyting på?

– Forskarane i Seksjon for forskning om helse og tenesteyting driv hovudsakleg med forskning innanfor tre felt, fortel Vabø. Det eine tek føre seg menneske med kroniske sjukdomar og funksjonsnedsetjingar og deira meistringsstrategiar og livsvilkår. Med andre ord, korleis dei har det og tar det.

Det andre feltet er helse- og omsorgstenester, nærare sagt leiing, organisering og styringsvilkår i sektoren, og kva konsekvensar vala får for kvaliteten på tenestene. Korleis tenestene møter ulike grupper av pasientar er viktig i denne samanheng. Eit tredje område vi er opptekne av, er helse, livskvalitet og levekår på eit meir aggregert nivå. Då undersøker vi korleis dette fordeler seg i befolkninga, og om det til dømes finst sosiale og geografiske ulikskapar.

Samstundes er det ikkje slik at det er tette skott mellom forskinga i denne seksjonen og andre forskingsgrupper på NOVA, understrekar Vabø. Vi tangerer òg forskinga innan område som til dømes sosialpolitikk, alders- og minoritetsforskning.

Forskarane i seksjonen meiner det er viktig å ha eit internasjonalt forskarblikk sjølv om ein forskar på norske forhold. Å ha eit internasjonalt perspektiv er med på å tilføre det nasjonale noko nytt, seier Vabø. Eitt døme på dette kan vere forskinga om nye organisasjons- og driftsformer i helsevesenet, der erfaringar frå andre land kan gje nye innspel til norske løysingar.



Mia Vabø, forskingsleiar

f. 1958

Dr.philos. i sosiologi

Tilsett ved NOVA sidan oppstarten i 1996, INAS (frå 1993), tidlegare ved Finansdepartementet og SIFO

Seksjon for forskning om helse og tenesteyting

Tal forskarar: 15

Fagområda til forskarane: sosiologi (fleirtallet), antropologi, samfunnsgeografi

Tal stipendiatar: 3

Kvifor er helse og tenesteyting viktige forskingstema?

Helse og tenesteyting er eit prioritert område i velferdssamfunnet; mykje av fellesskapets ressursar er bundne opp her, og det gjer det til eit interessant felt å forske på, seier Vabø. Vi ser òg nye helseutfordringar som er spennande å følgje: befolkninga blir eldre og kroniske sjukdomar blir meir utbreidde. Dette utfordrar kommunane til å tenkje nytt både når det gjeld inkludering av funksjonshemma, organisering av tenestene og driftsformer, utdjuvar Vabø. Økonomisk sett er kommunane under konstant press for å utnytte ressursane best mogleg.

NOVA har god erfaring med forskning både på forholda for utsette grupper og på dei endringane som skjer i kommunehelsetenesta, og dette håper vi å få utvikle til nye forskingsprosjekt i tida framover, fortset ho.

Når ein innfører nye organisasjonsformer, tiltak og reformer i det offentlege, er det viktig å finne ut korleis dei verkar, og her kjem forskinga inn. Ei vekselverknad mellom forskning og evaluering kan gje eit fruktbart samspel, meiner Vabø, men utgangspunktet må likevel vere at evalueringa er forskingsbasert, understrekar ho.

Kva tema blir viktige i åra som kjem?

Vi har spennande forskning på gang, men er også opptekne av å heile tida utvikle kompetansen vår, seier Vabø. Ho fortel at samhandlingsreforma som Stortinget no har slutta seg til, er svært interessant for NOVA. Målet med reforma er å styrkje grunn tanken i det norske velferdssamfunnet om at dei som treng det, skal få tidleg hjelp på lågast mogleg nivå. Reforma vil føre med seg nye utfordringar for helse- og omsorgstenestene, og dette vil vi gjerne

forske på, seier ho. NOVA førebur seg på denne reforma ved å konsolidere den kompetansen vi har på kommunehelseteneste, rehabilitering, reformer i helsevesenet og samhandling mellom ulike aktørar.

Det er nedfelt i NOVAs vedtekter og er òg ein del av strategien vår for dei næraste åra, at vi skal satse vidare på å utvikle forskinga om utsette grupper, forklarar Vabø. Dette vil òg vere viktige tema for samhandlingsreforma. Vi kan veksle mellom registerstudiar og små, kvalitative studiar, og i gruppa har vi forskarar som har kompetanse til å gjere begge delar. Forskarane studerer fordelingsmønster, samtidig som dei følgjer opp mindre grupper for å undersøkje kva slags ekskluderingsmekanismer som forårsakar ulikskap. Med andre ord kvifor enkelte grupper ikkje får hjelp på lågast mogleg nivå, tidlegast mogleg. Det kan gjelde personar med samansette lidingar, minoritetar og andre.

I seksjonen trekkjer vi òg vekslar på våre internasjonale kontaktar og nettverk – det dreier seg om forskarar frå andre land i Norden og land som Storbritannia og Nederland. Eit solid internasjonalt nettverk vil vere viktig for å kunne utvikle større forskingsprosjekt. Då får ein kopla seg på forskingsspørsmål som er relevante også i andre land, og då styrkjer vi den nasjonale forskinga. Utlysinga til Helse- og omsorgsprogrammet hjå Forskingsrådet vil vere ein viktig stad å søkje om midlar til denne forskinga, seier ho.

Eitt døme på område vi håper å få utvikle meir kompetanse på, er dei nye institusjonsløysingane som no i aukande grad byggjast ut for dei skrøpeligaste eldre. NOVA deltar i eit tverrfagleg nettverk der samanhengar og samspel mellom arkitektur/design, organisering og trivsel er tema.

Eit utval prosjekt

Manouvering in hybrid health care organizations

Prosjektleder: Mia Vabø

Prosjektet undersøker korleis sårbare grupper pasientar/hjelpemottakarar blir handterte innanfor eit helse- og omsorgsapparat som i aukande grad blir underlagd krav om effektivisering, styring og dokumentasjon. Finansiert av Noregs forskingsråd.

Som alle andre? – Rehabilitering/habilitering av ungdom med nedsett funksjonsevne

Prosjektleder: Lars Grue

Prosjektet skal framskaffe kunnskap om vegen fram til utdanning/arbeid og etablering i eigen bustad for ungdom med nedsett funksjonsevne. Det er «dei gode» eksempla – eller det ein kan kalle ei vellukka habilitering/rehabilitering som er tema for prosjektet. Finansiert av stiftelsen Sophies Minde.

Enigmatic geographical differences: A study of contextual determinants of health inequalities

Prosjektleder: Jon Ivar Elstad

Det overordna målet med prosjektet er å yte tilskot til forståinga av kva slags prosessar og determinantar det er som ligg bak dei geografiske ulikskapane i helse som er observerte i Noreg. Finansiert av Noregs forskingsråd.

Studies in Quality and Cost of Care for the Elderly

Stipendiat: Anders K. Havig

Undersøkinga ser på om ulike leiings- og organisasjonsformer i sjukeheimar har innverknad på kvalitet, trivsel og økonomi. 40 sjukeheimsavdelingar fordelt på 22 sjukeheimar deltek i studien. Data blir samla inn ved hjelp av spørjeskjema, intervju og feltarbeid.

Eit utval publikasjonar

Finnvold, J.E. (2009). Socio-spatial inequalities and the distribution of cash benefits to asthmatic children in Norway. *International Journal of Health Geographics*, 8(22)

Lingsom, S. (2009). Self narratives in rehabilitation. Reflections of an author. *Scandinavian Journal of Disability Research*, 11(3):221-232

Mæland, H.S., Elstad, J.I., Næss, Ø. & Westin, S. (red.) (2009). *Sosial epidemiologi. Sosiale årsaker til sykdom og helsesvikt*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Næss, S., Eriksen, J. & Tambs, K. (2009). Perceived change in life satisfaction following epilepsy diagnosis. *Scandinavian Journal of Public Health*, 2009(37):627-631

Vabø, M. (2009). Home care in transition: The complex dynamic of competing drivers of change in Norway. *Journal of Health Organisation and Management*, 23(3):346-359

Vedeler, J.S. (2009). When benefits become barriers. The significance of welfare services on transition into employment in Norway. *Alter, European Journal of Disability Research*, 3(1):63-81

Aasen, H.S., Halvorsen, R. & da Silva, A.B. (red.) (2009). *Human Rights, Dignity and Autonomy in Health Care and Social Services: Nordic Perspectives*. Belgia: Intersentia

MIGRASJON OG TRANSNASJONALITET – EIT SATSINGSOMRÅDE FOR NOVA

Eit anna satsingsområde for NOVA i den komande strategiperioden er forskingsfeltet migrasjon og transnasjonalitet. Ada Engebrigtsen er forskingsleiar for den nyoppretta seksjonen, og fortel her om forskingsfeltet.

Kva forskar seksjonen på?

Forskinga er i hovudsak knytt til internasjonal migrasjon og dei konsekvensane dette har for avsendar- og mottakarland. NOVA's faglege tyngdepunkt på migrasjonsfeltet ligg i empirisk kunnskap om relasjonar mellom migrantar, minoritetar og det norske samfunnet, seier Engebrigtsen. Forskarane i gruppa innehar særleg høg kompetanse når det gjeld intervju, observasjonar, dokumentstudiar og andre kvalitative metodar.

I hovudsak er seksjonen oppteken av følgjande tema:

- transnasjonale og komparative tilnærmingar
- å studere samspelet mellom posisjonar og makt-dimensjonar knytt til kjønn, seksualitet, sosial klasse, livsløp, religion, etnisitet og tilgang på ressursar i vid forstand
- å vidareutvikle den kvalitative forankringa som utgjer den metodiske og teoretiske fellesskapen til seksjonen, og å utvikle samarbeidsmodellar med prosjekt som har kvantitative tilnærmingar
- å utvikle prosjekt og analysar som omfattar fleire samfunnsnivå, og å utvikle det internasjonale forskingssamarbeidet

Seksjonen er ein kunnskapsbase der medlemmene mellom anna har kunnskap om ei rekkje minoritetsgrupper, både nasjonale og med innvandrarbakgrunn, om barn i mottak, om arbeidslivet for kvinner, om eldre innvandrarar og om fleirkulturelle ungdomsmiljø. Satsingsområda inkluderer det transnasjonale aspektet ved migrasjon og norsk og europeisk innvandringspolitikk.



Ada I. Engebrigtsen, forskingsleiar

f. 1948

Dr.polit. i sosialantropologi

Tilsett ved NOVA sidan 2001, har tidlegare jobba med forskning og prosjektarbeid ved NORAD

Seksjon for forskning om migrasjon og transnasjonalitet

Tal forskarar: 9

Fagområda til forskarane: sosialantropologi (fleirtalet), kriminologi, statsvitskap, sosiologi

Den transnasjonale tilnærminga er eit viktig aspekt ved migrasjonsforskninga ved NOVA. Både opphavslandet, mottakarlandet og andre land i verda yter tilskot til å forme innvandrara og etterkommarane deira. Mange held ved like kontakten til opphavslandet og slekt og vener i andre land gjennom reiser, pengeoverføringar, ekteskap og remigrasjon. Dette har òg konsekvensar for tilpassinga til det norske samfunnet.

Eg vil òg påpeike at migrasjonsforskninga ved NOVA ikkje berre skjer i denne seksjonen, og at mange av prosjekta er tverrfaglege. Forskinga om velferdsspørsmål generelt, bustadspørsmål og problemstillingar knytt til aldring, barn og ungdom tangerer våre tema. Fleire fagdisiplinar er representerte, og forskarane nyttar både kvantitative og kvalitative metodar, fortel ho.

Kvifor er dette viktige forskingstema?

Migrasjon er eit av dei viktige samfunnsspørsmåla i vår tid, med vidtrekkande konsekvensar både for samfunna migrantane reiser frå og til. Migrasjon inneber store globale integrasjonsprosessar, der både samfunnas organisering og struktur kjem i kontakt med kvarandre, samstundes som folk med ulik bakgrunn møtest. Flyktninge- og innvandrardebatten handlar i stor grad om korleis vi skal handtere desse møta. Dette er endringsprosessar som vedkjem oss alle. Når vi til dømes møter ein utanlandsk tigger på gata, er det eit uttrykk for dei endringane Noreg og verda er inne i.

Kva er utfordringane for forskingsområdet, og kva planar har du for å styrkje feltet?

Ei av hovudutfordringane for migrasjonsforskninga er å styrkje politikkkfeltet, seier Engebriktsen. Det handlar om å framskaffe meir kunnskap om proses-

sar både på makro- og mikroplan, og om å knyte kunnskapen frå desse to områda saman.

Når det gjeld styrkinga av dette forskingsfeltet ved NOVA, er vi no inne i ein intern prosess der vi gjer opp ein status for områda vi har kunnskap om og dei områda vi treng å utvikle. Vi arbeider aktivt med å lage større prosjekt som inkluderer alle i seksjonen, og som òg vil omfatte forskarar utanfor NOVA. I perioden tar vi òg sikte på å rekruttere fleire forskarar.

Internasjonalt samarbeid med forskarar i andre land er sjølvstendig viktig for eit fagfelt som migrasjon, og forskarane er med i fleire nettverk. Vi har òg ein ambisjon om å utvikle eit nettverk til å bli ein arena for diskusjon og samarbeid om internasjonale søknader, utdjuvar ho.

Kva er dei meir kjønnsesifikke utfordringane i forskinga om migrasjon og minoritetar?

Kjønnsforskninga er ein integrert del av all forskinga vi driv på med, sjølv om det ikkje er like eksplisitt til stades i alle prosjekta. Til dømes er kjønn en faktor når ein skal sjå på forskjellar i ungdoms oppvekstilhøve. Det er knytt temmeleg forskjellige forventningar frå omverda til korleis unge jenter og gutar skal te seg; det gjeld både ungdom med norskfødde foreldre og ungdom med foreldre som har innvandra.

Eg opplever den norske innvandrardebatten som svært kjønnsfiksert, og at den særleg er oppteken av kvinners val. Forsking syner at jenter jamt over er meir utsette for kontroll enn gutane – og innvandrarenter meir enn norsknetniske jenter. Desse funna blir ofte omtalte som eit problem, mens eg ser det som eit empirisk spørsmål i kva grad jentene sjølve opplever kontrollen negativt og i kva grad det hemmar deira livsutfolding.

Eit utval prosjekt

Sivilsamfunn, identitet og rom

Prosjektleder: Viggo Vestel

I dette prosjektet søker Vestel å utforske fem tematiske område med særlig fokus på relasjonar til offentleg rom. Prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd.

Utvikling av metodar og arbeidsformar ved retur av barnefamiljar

Prosjektleder: Ada Ingrid Engebrigtsen

Målet med prosjektet er å utforme metodar og arbeidsformer som betre motiverer for frivillig retur enn dagens praksis. Prosjektet omfattar òg ein dokumentstudie av praksis og erfaringar frå Sverige, Storbritannia og Australia. UDI er oppdragsgjevar.

Forskningsbasert evaluering av «Nattergalen»

Prosjektleder: Marie Louise Seeberg

Føremålet med prosjektet er å gjennomføre ei forskningsbasert evaluering av mentorprosjektet «Nattergalen», som er sett i gang ved åtte av landets høgskular. Oppdragsgjevar er Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Global care workers in the Norwegian welfare state: Care chains, intersectionality and social capital

Prosjektleder: Ragnhild Sollund

Dette prosjektet tek for seg yrkes- og migrasjonskarrierar til to grupper innvandrarar i Noreg, sjukepleiarar og au pairar. Forskarane tek føre seg samanhengar mellom strukturelle tilhøve på globalt, nasjonalt og lokalt nivå på den eine sida, og individuelle livsløp og erfaringar på den andre sida. Prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd.

Eit utval publikasjonar

Engebrigtsen, A.I. (2009). Er byen mulig uten fremmede? Tiggere og baroner i Oslo by. *Plan*, (6):24-29

Engebrigtsen, A.I. og Fuglerud, Ø. (2009). *Kultur og generasjon. Tilpasningsprosesser blant somaliere og tamiler i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget

Evensen, Ø. (2009). Ikke-vestlig minoritetsungdom og kriminalitet. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 9(2):63-90

Grødem, A.S. (2009). The impact of poverty and immigrant background on children's school satisfaction: Evidence from Norway. *International Journal of Social Welfare*, 18(2):193-201

Seeberg, M. L. & Bagge, C. M & Enger, T. A. (2009). No Place: Small children in Norwegian asylum-seeker reception centres. *Childhood: A journal of global child research*, 2009(3):395-411


Sollund, R. (2010). Regarding au pairs in the Norwegian welfare state. *European Journal of Women's Studies*, 17(2):143-160

Vestel, V. (2009). Limits of hybridity versus limits of tradition?: A semiotics of cultural reproduction, creativity, and ambivalence among multicultural youth in Rudenga, East side Oslo. *Ethos - Journal of the Society for Psychological Anthropology*, 37(4):467-490


Fakta om forskings- og utviklingsarbeidet

INNETEKTSKJELDER

Figuren viser fordelinga av NOVAs inntektskjelder i 2006–2009 (prosent)




FORSKARAR FORDELT PÅ UTDANNING OG KJØNN (31.12.09)



FORSKARAR FORDELT PÅ KOMPETANSE OG KJØNN 2006–2009 (31.12.09)

	Forskar I		Forskar II		Forskar III		Utviklings- konsulentar/ prosjektleiarar		Stipendiatar/ forskningsassistentar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2006	12	16	18	7	3	2	2	-	18	8
2007	12	19	20	9	2	1	1	1	16	7
2008	12	15	23	10	3	1	1	1	15	12
2009	12	16	21	8	2	1	2	2	16	10

FORSKARAR FORDELT PÅ DOKTORGRAD OG KJØNN 2006–2009



Organisering

Forskninga ved NOVA er organisert med ein forskningssjef og tre forskingsseksjonar.

Forskingssjef: Bjørn Hvinden

Seksjonar:

- Barn, ungdom og familie
- Levekår og aldring
- Velferdspolitik og migrasjon

Forskingssleiar:

Tilmann von Soest
Britt Slagsvold
Marianne Takle

I tillegg er det etablert fire strategiske instituttprogram (SIP-ar):

Strategiske instituttprogram:

- Sosialhjelp og fattigdom
- Forskingsbasert utviklingsarbeid
- Funksjonshemming
- Europeisk velferdspolitik

SIP-leiar:

Axel West Pedersen
Sturla Falck
Lars Grue
Bjørn Hvinden

VITSKAPLEG TILSETTE

Barn, ungdom og familie

Elisabeth Backe-Hansen – forskar I
Solveig Abrahamsen – stipendiat
Agnes Andenæs – forskar II
(10 % bistilling / førsteamanuensis ved Universitetet i Oslo)
Anders Bakken – forskar II
Elisiv Bakketeig – forskar II
Sten-Erik Clausen – forskar I
Øystein Evensen – forskingsassistent
Gunhild Regland Farstad – stipendiat
Lars Roar Frøyland – forskingsassistent
Cay Gjerustad – stipendiat
Kristinn Hegna – forskar II
Nicole Marie Hennem – forskar II
(20 % bistilling / professor Høgskulen i Oslo)
Jens Lunnan Hjort – forskingsassistent
Hanne Hougen – seniorrådgjevar
Lihong Huang – forskar II
Ida Hydle – forskar I
Lars B. Kristofersen – forskar II
Inger Hege Kristiansen – forskingsassistent

Ingela Lundin Kvaem – forskar II
(20 % bistilling / førsteamanuensis Universitetet i Oslo)
Jon Lauglo – forskar I
(10 % bistilling / professor Universitetet i Oslo)
Selma Therese Lyng – forskar III
Anders Mathisen – prosjektleiar
Geir Moshuus – forskar II
Svein Mossige – forskar I
Mira Aaboen Sletten – stipendiat
Ingrid Smette – stipendiat
Jan Eivind Brekke Sodeland – forskingsassistent
Anne Solberg – forskar I
Kari Stefansen – stipendiat
Åse Strandbu – forskar II
Leila Torgersen – forskar II (20 % bistilling)
Viggo Vestel – forskar II
Tilmann von Soest – forskar II / forskingsleiar
Aina Iren Winsvold – forskar II
Guro Ødegård – stipendiat
Tormod Øia – forskar I

Levekår og aldring

John Eriksen – forskar I
Erling Annaniassen – forskar II
Kristin Ystmark Bjerkan – forskingsassistent
Svein Olav Daatland – forskar I
Jon Ivar Elstad – forskar I
Lars Petter Grue – forskar I
Tonje Gundersen – stipendiat
Gunhild Hagestad – forskar I
Jørgen Hallvik – forskingsassistent
Thomas Hansen – stipendiat
Anders Kvale Havig – stipendiat
Anne Helset – forskar II
Katharina Herlofson – stipendiat
Reidun Ingebretsen – forskar II
Kristine Koløen – forskingsassistent
Ivar Andreas Lima – forskingsassistent
Susan Lingsom – forskar I
Trude Nergård – forskar II
Magnhild Nicolaisen – forskar II
Ratikainen, Julia – forskingsassistent
Tor Inge Romøren – forskar I
(20 % bistilling / professor ved Høgskulen i Gjøvik)
Marte Rua – forskingsassistent
Per Erik Solem – forskar II
Kirsten Thorsen – forskar I
Britt Slagsvold – forskar I / forskingsleiar
Janikke Solstad Vedeler – stipendiat
Marijke Veenstra – forskar II
Sabine Wollscheid – forskar II

Velferdspolitik og migrasjon

Viggo Nordvik – forskar I
Morten Blekesaune – forskar II
Rannveig Dahle – forskar I
Kirsten Danielsen – forskar I
Ada Engebrigtsen – forskar I
Sturla Falck – forskar I
Henning Finseraas – stipendiat
Margaret Ford – forskar III
Anne Skevik Grødem – forskar I
Lars Gulbrandsen – forskar I
Rune Halvorsen – post.doc.
Torild Hammer – forskar I
Jamila Hassan – forskingsassistent
Aksel Hatland – forskar I
Tale Hellevik – forskar II
Hultqvist, Sara – stipendiat
Lars Niklas Jakobsson – stipendiat
Jorunn Theresia Jessen – forskar III
Tore Kjøsterud – seniorrådgjevar
Charlotte Koren – forskar II
Andreas Kotsadam – stipendiat
Åsmund Langsether – forskar III
Björg Moen – forskar II
Harpa Njalsdóttir – stipendiat
Axel West Pedersen – forskar I
Mona Sandbæk – forskar II (20 % bistilling /
professor Høgskulen i Oslo)
Hans Christian Sandlie – forskar II
Marie Louise Seeberg – forskar II
Anna Skårberg – stipendiat
Ragnhild Sollund – forskar II
Jardar Sørvoll – stipendiat
Marianne Takle – forskar II / forskingsleiar
Elisabeth Ugreninov – stipendiat
Bettina Uhrig – seniorrådgjevar
Mia Vabø – forskar II
Kristin Aarland – forskar II

Kommunikasjonsarbeidet i 2009



Eit forskingsprosjekt er ikkje avslutta før resultatet er formidla til brukarane. Dette er ei velkjend fråsegn som har til føremål å synleggjere forskingsformidlingas plass i forskingsprosessen. Om ein skal ta denne fråsegna på alvor, er kanskje tida no inne for å byte ut ordet formidla med kommunisert. I dette ligg det ambisjonar om å ikkje berre å sende ut informasjon ukritisk, men at ein aktivt søker å treffe dei brukarane resultatata er mynta på, og i ei slik form at budskapet blir forstått. Testen på om budskapet har nådd fram, ligg i dialogen med brukarane. NOVA tek kommunikasjon på alvor, og vi har i 2009 skipa ei rekkje tiltak for å komme i dialog med dei ulike brukarane våre.

Heimesida er ein sær sær viktig kanal, ikkje berre for formidling av forskingsaktivitetar, men òg som arena for dialog med brukarane. Kvart år gjennomfører vi ei nettundersøking, der vi ber om tilbakemeldingar på dei tenestene vi tilbyr. I det store og heile synest det som om brukarane våre er godt nøgde med NOVA si heimeside. Men undersøkinga fortel


oss også at det er rom for forbetringar. Det er særleg eigne nettsider for større prosjekt, og meir utfyllande informasjon kring våre forskingsprosjekt brukarane etterlyser. Vidare er det mange som også ønskjer seg tilgang på fleire tidsskriftsartiklar i fulltekst. Vi kjem til å ta desse tilbakemeldingane på alvor, og vil i løpet av 2010 lage eigne heimesider for fleire av våre større prosjekt, mellom anna knytt til forskning om fosterheimar og ungdomsundersøkingar i norske kommunar. Vi vil òg fortsetje arbeidet med å leggje ut tidsskriftartiklar, nasjonale som internasjonale, i fulltekst på vår heimeside. Fleire og fleire forlag gjev no løyve til dette.

Glimt frå 2009

EIGNE PUBLIKASJONAR

NOVA gjev ut to tidsskrift i samarbeid med Fagbokforlaget: *Tidsskrift for ungdomsforskning* og *Aldring & livsløp*. Det populærvitenskaplege *Aldring & livsløp* kom med si siste utgåve i 2009, etter 26 år og 100 hefte med formidling frå aldersforskningsfeltet. NOVA sine publikasjonsseriar inneheld to publikasjonstypar: NOVA-rapport og NOVA-notat. I fjor blei det gjeve ut 22 rapportar og 9 notat. Instituttet har sett ned ein eigen redaksjonskomité som skal sikre at kvaliteten på desse utgjevingane er god.

Tendensen er at salet av publikasjonar går ned, medan talet på publikasjonar som blir lasta ned, aukar. Dette har det vore mogleg for oss å fylgje då vi i 2009 starta å nytte Google analytics for å overvake aktivitetar på våre nettsider. Forutan publikasjonsseriene er kommunikasjonseininga ved NOVA òg ansvarleg for utgjevinga av nyhendebladet NOVA-nytt, som kjem ut fire gonger årleg både i papir og nettversjon.



Instituttet har og etablert ei ordning der interesserte hyppig vert oppdatert om nye publikasjonar, faglege konferansar og seminar og andre forskingsrelaterte aktivitetar per e-post. I ordninga kan ein velje innanfor kva slags forskingstema ein vil ha nyhende. Det har dei seinare åra vore ein jamn auke i talet på abonnentar innan alle dei ulike emneområda. Vidare blei det i 2009 laga årsrapport (trykt og elektronisk) samt ein engelsk brosjyre med presentasjon av NOVA.

EKSTERN PUBLISERING

Den nye ordninga for finansiering av forskingsinstitutta har gjort den eksterne publiseringa viktigare enn før. Gledeleg nok har det vore ein vekst i den vitskaplege produksjonen innanfor dei aller fleste kategoriene ved NOVA i 2009. Forskarane ved instituttet publiserte i fjor 42 vitskaplege artiklar i tidsskrift med fagfelleevaluering mot 38 året før. Det vart trykt 41 vitskaplege artiklar i antologiar med fagfelleevaluering mot 23 i 2008, og 9 vitskaplege monografar – det same som året før.

Sjå i katalogdelen av denne publikasjonen for fleire opplysningar om publiseringsaktivitetane.

NOVA PÅ NETTET

Som nemnt tidlegare er NOVAs heimeside den kanskje viktigaste kanalen for kommunikasjon mellom instituttet og omverda. Også i 2009 har det vore lagt ned mykje arbeid på å halde ved like og utvikle nettsida vår vidare. Tal frå Google analytics syner at vi hadde 216 389 besøk i perioden januar – desember 2009 – altså i overkant av 18.000 besøk kvar månad. Heimesida er ein arena som opnar for dialog med brukarane våre, og årleg har vi nettundersøkingar blant dei som vitjar heimesida. Over sju hundre personar

svarte på brukarundersøkinga i 2009. Her kom det fram mange nyttige tilbakemeldingar. Undersøkinga synte at brukarane i det store og heile er godt nøgde med heimesida vår. Særleg bra omtale fekk dei sidene som omtalar nyhende om NOVA si forskning, og omtalar av NOVA sine egne publikasjonar.

Nokre større satsingar ved NOVA som til dømes Tidsskrift for ungdomsforskning (www.ungdomsforskning.no), Den norske studien om livsløp, aldring og generasjon (<http://norlag.nova.no>), og Nordic Centre of Excellence in Welfare: Reassessing the Nordic Welfare Model (www.reassess.no), har egne heimesider. Det er særleg slike egne omfattande nettsider frå større prosjekt som brukarane i undersøkinga nemner dei vil ha fleire av, samt eit større utval av vitenskaplege artiklar i full tekst. Adressa til NOVA si heimeside er: www.nova.no

MEDIA

Det er ei uttalt målsetjing at resultatata frå forskinga ved NOVA skal vere synleg i det offentlege rom. Dels handlar det om at NOVA er eit statleg forskingsinstitutt, og at det såleis er visse forpliktingar knytt til å formidle resultat til ålmenta. Det handlar òg om å bidra til å leggje premisser for politiske avgjersler som skal fattast. Forskarane ved NOVA er da også jamleg i kontakt med media. Opplysningar vi har frå medieovervakingsbyrået Cision, syner at det har vore ei auking i talet på medieoppslag det siste året – frå om lag 1000 i 2008, til vel 1300 i 2009.

UNDERVISNING, RETTLEIING OG SENSORARBEID

NOVA samarbeider med universitets- og høgskulesektoren på ei rekkje område. Undervisning er eit av desse områda, og forskarar ved NOVA ga i 2009 over 500 timar med undervisning ved desse institusjonane. Mange av forskarane tek også på seg å rettleie studentar på ulike nivå innanfor dei same institusjonane. I 2009 fekk 12 mastergradstudentar og 21 doktorgradstudentar rettleiing av forskarar ved NOVA.

Vidare var 30 vitenskaplege medarbeidarar i fjor engasjerte som medlemmer av sakkunnige komitear ved desse institusjonane. Det kan òg nemnast at det gjennom året har vore knytt fleire mastergradstudentar til ulike forskingsprosjekt ved NOVA. Dei har kunna nyte godt av kontorplass ved instituttet.

SAMARBEID MED BRUKARFELTET

NOVA legg stor vekt på å samarbeide med instituttet sine ulike målgrupper. Samarbeidet kjem til syne gjennom prosjekt, rettleiing, konsulentoppdrag, kurs, konferansar og seminar. NOVA fungerer òg som rådgjevar og høyringsinstans overfor ulike departement knytt til instituttet sine forskingsområde. Forskarane ved NOVA heldt i 2009 foredrag og innlegg ved ei rekkje konferansar, kurs og seminar i regi av NOVA, anten åleine eller i samarbeid med andre forskingsmiljø, offentlege etatar og organisasjonar.

Administrasjon og drift

Administrasjonen ved NOVA er organisert i fire hovudområde:

- økonomi
- personale
- arkiv
- kommunikasjon

NOVA mottek bibliotek-, kantine- og IT-tenester frå Institutt for samfunnsforskning (ISF) og har elles eit samarbeid om drift av felles areal.

ADMINISTRATIVT TILSETTE I 2009

Elsbet Vestvatn – administrasjonssjef

Bjørn Berg – vaktmeister

Halvard Dyb – seniorkonsulent, informasjonsleiar

Nina Eriksen – rådgjevar, informasjon

Anne Hørgen – seniorkonsulent (80 %)

Tordis Høgeid – seniorkonsulent, arkivansvarleg (60 %)

Mai Britt Johansen – seniorkonsulent

Kristine Krebs – seniorkonsulent, økonomi

Hussein Monfared – seniorkonsulent

Stig Muren – seniorkonsulent – IKT

Oddbjørg Rong Nilsen – seniorkonsulent, personalansvarleg (60 %)

Torhild Sager – seniorkonsulent, informasjon

Svein Thore Sivertsen – seniorkonsulent, rekneskap (60 %)

Toril Sørli – konsulent

Det blei utført 12 årsverk i administrasjonen i 2009.

Satsingar

IKT

2009 var siste året med felles IT-teneste med Institutt for samfunnsforskning. NOVA går i denne samanheng over til Microsoftplattform frå tidlegare Novell, og har inngått avtale med ASPIT som leverandør av IT-tenester frå 1.1.2010.

07 web leverer publiseringsløyser og tenester for nettsidene til NOVA. Instituttet har mellom anna eit godt utvikla intranett, som gjekk gjennom ei omfattande revidering i 2009.

SJUKEFRÅVERE

Sjukefråveret i 2009 var 4,2 prosent, mot 3,3 prosent året før og 4,3 prosent i 2007.

ARBEIDSMILJØ

NOVAs arbeid i arbeidsmiljøutvalet i 2009 har i hovudsak handla om å slutføre oppfølginga av arbeidsmiljøkartlegginga som blei gjennomført i 2008. Kartlegginga stadfesta inntrykket av at det er eit godt psykososialt arbeidsmiljø ved NOVA. Gjennomføring av arbeidsmiljøkartlegginga og oppfølginga av denne har vore ei sentral oppgåve både i 2008 og i 2009. I 2010 vil NOVA etablere nye mål for HMS-arbeidet.

Det fysiske arbeidsmiljøet ved NOVA er tilfredsstillande. Hovudtyngden av dei tilsette, som er lokaliserte i Munthesgt. 29, har i 2009 vore sterkt belasta med ombyggingsarbeide i samband med skifte av ventilasjonsanlegg. Nytt ventilasjonsanlegg har vore planlagt av Statsbygg (eigar av bygget) i mange år, no er det gjennomført, og vi håper på eit vesentleg betre innemiljø.

LIKESTILLING

NOVA har ei overvekt av kvinner både i vitenskaplege stillingar og i administrasjonen, men det er færre kvinner enn menn i kategorien forskar I.

Overvekta av kvinner er ikkje vurdert til å vere så stor at det er behov for å setje inn spesielle tiltak for å rekruttere menn.

NOVA syter for at begge kjønn er representerte i alle utval og komitear. Leiinga ved NOVA har òg som siktemål at kvalifiserande arbeidsoppgåver blir fordelt jamt til begge kjønn, og legg forholde til rette for at kvinner kan kvalifisere seg til forskar I. NOVAs leiargruppe har i 2009 vore samansett av 3 kvinner og 3 menn.

Rekneskap 2009

RESULTATREKNESKAP 2009 (NOK 1000)	2009	2008	2007	2006
Inntekter				
Basisløyving:	27 293	26 216	24 935	23 195
<i>Herav: strategiske instituttprogram</i>	4 370	6 744	6 809	6 665
<i>grunnløyving</i>	22 923	19 472	17 125	16 530
Bidragsinntekter	3 675	3 570	3 500	
Inntekter frå NFR	17 546	9 975	12 989	15 441
Andre oppdragsinntekter / periodisering	39 551	37 182	27 668	35 666
Andre inntekter frå verksemda ^{Note 1}	1 183	2 222	2 035	1 235
Sum inntekter	89 248	79 165	70 127	75 537
Sum personalkostnader ^{Note 1, 2 og 3}	56 446	52 238	47 626	52 360
Sum varer og tenester ^{Note 1}	32 120	26 017	22 227	22 881
Sum kostnader	88 567	78 255	69 853	72 241
Netto resultat	682	910	274	296

Rekneskapsprinsipper: NOVA er eit statleg forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. NOVA nyttar ikkje kontantprinsippet. NOVA følgjer tilnærma prinsippa som er nedfelte i Rekneskapsloven, mellom anna tilpassa Reglement for økonomistyring i staten, Bestemmelser om økonomistyring i staten og SRS, samt Retningslinjer fra Kunnskapsdepartementet. Se elles instruks for økonomiforvaltninga ved NOVA.

Notar til resultatrekneskap:

^{NOTE 1} NOVA har kontorfellesskap med ISF. NOVA bar i 2009 drift av bygningar, også hos ISF. ISF driv bibliotek og kantine, og hadde også i 2009 IT-drifta for det samla miljøet. Avrekning skjer i separate rekneskap på årsbasis. Frå 2010 vil det skje vesentlege endringar. NOVA set ut sin del av IT-drifta. Partane vil frå 2010, i den grad det er mogleg, handtere drifta av bygningsmassen kvar for seg.

^{NOTE 2} Herav utgifter til pensjonsinnkot: NOK 4.976.068

^{NOTE 3} Styrehonorar for 2009 er ikkje belasta rekneskapen. Styrehonorar for 2009 blei etterbetalt i 2010 med NOK 264.500.

BALANSE 31. DESEMBER 2009 (NOK 1000)

EIGENDELAR <small>Note 8</small>	2009	2008
Kundefordringar <small>Note 2</small>	841	2 438
Fordringar tilsette	6	37
Prosjektmidlar utestående <small>Note 1a</small>	13 666	7 321
Andre kortsiktige fordringar <small>Note 7</small>	1 943	556
<i>Sum kortsiktige fordringar</i>	<i>16 456</i>	<i>10 352</i>
Likvidar	31 109	36 366
Sum eigendelar	47 565	46 719
EIGENKAPITAL OG GJELD	2009	2008
Eigenkapital ved byrjinga av rekneskapsåret	11 051	11 051
Årets resultat	682	910
Fond for kompetanseutvikling	114	
Avsett for studietermin forskingsleiarar <small>Note 4</small>	3 715	4 749
<i>Sum eigenkapital og fond</i>	<i>15 562</i>	<i>16 710</i>
<i>Kortsiktig gjeld:</i>		
Gjeld til prosjekt ved NOVA <small>Note 1b</small>	19 614	19 509
Avsett for bruk på SIP'ar og grunnløyving <small>Note 5</small>		-
Leverandørgjeld <small>Note 6</small>	2 217	661
Skyldige feriepengar	5 155	4 636
Arbeidsgevaravgift og MVA	2 480	1 646
Pensjonsinnskot <small>Note 3</small>	589	1 380
Forskotstrekk, skattetrekk	1 948	2 076
Anna kortsiktig gjeld		100
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	<i>32 003</i>	<i>30 009</i>
Sum eigenkapital og gjeld	47 565	46 719

Notar til balanse:

Note 1a: NOVA's rekneskap legg til grunn at det finst dekning for alle kostnader som er belasta det enkelte prosjekt. Posten «Prosjektmidlar utestående» under eigendelar, blir nytta for å spesifisere aktivitetar som er utførte, men ikkje fakturerte («varer i arbeide»).

Note 1b: Gjeld til prosjekt i NOVA. Uttrykkjer likvidar som NOVA har motteke eller fakturert, men ikkje utført aktivitetar for.

Note 2: Kundefordringar. Uttrykkjer fordringar som NOVA reknar for kurante og ikkje omdiskuterte. Det er gjort ei summarisk avsetning for tap på krav stor NOK 20.000,-.

Note 3: «Pensjonsinnskot» uttrykkjer påløpne forpliktingar til Statens Pensjonskasse som ikkje er dekkja av a-konto innbetaling, t.d. forpliktingar knytte til feriepengeavsetning. Avsetninga tek ikkje høgde for den framtidige forpliktinga som ligg føre overfor KLP forsikring. NOVA reknar med at denne forpliktinga vil belaste NOVA's resultat med ca. NOK 200.000,- årleg i dei næraste åra.

Note 4: Avsett for studietermin forskingsleiarar. Ein forskingsleiar tener opp 2 månader studietermin for kvart år ho/han har vore forskingsleiar. Storleiken på fondet er avstemt i samsvar med eksisterande regelverk. Avvikling av studietermin reduserer storleiken på fondet. I 2009 har studietermin vore nytta ut over det som tidlegare har vore normalt.

Note 5: Avsett for bruk på SIP'ar og grunnløyving. Eit forbruk ut over løyvinga for 2009 er belasta NOVA's resultat med NOK 227.196,-.

Note 6: Alle fakturaer bokført i 2009 er oppgjort og betalt seinast i januar 2010. Unntaket er ein utanlandsfaktura frå desember 2009 stor EUR 421,64. 2 kreditnotaer frå seinhaust 2009 til ein samla verdi av NOK 8.967,- er ikkje avrekna/ oppgjort.

Note 7: «Andre kortsiktige fordringar» uttrykkjer i hovudsak forskotsfakturert husleige, samt overskudd på a-konto-faktureringa for felleskostnader frå ISF.

Note 8: NOVA har i prinsipp ikkje varige driftsmidlar med innkjøpsverdi over NOK 30.000,-. Samla har NOVA bore løpande vedlikehald av ca. 100 kontorplassar med normal, moderat innreiing, samt ca. 100 stasjonære PC'ar og eit mindre tal berbare PC'ar.

KONTANTSTRØM 2009 (NOK 1000) – Se balanse for underspesifikasjon

EIGENDELAR		KONTANTSTRØM	2009	2008
Sum kortsiktige fordringar	A	6 104	16 456	10 352
Likvidar		- 5 257	31 109	36 366
Sum eigendelar			47 565	46 718

EIGENKAPITAL OG GJELD			2009	2008
Eigenkapital ved byrjinga av året			11 051	11 051
Årets resultat	C	682	682	910
Disponering av fjorårsresultat	A	-910		
Sum fond	A	-920	3 829	4 749
Sum kortsiktig gjeld	B	1 995	32 003	30 008
Sum eigenkapital og gjeld			47 565	46 718


Tilført frå årets verksemd	B	1 995		
Årets resultat	C	682		
Sum tilført frå verksemda	B+C	2 677		
Sum brukt på verksemda	A	7 934		
Netto endring i likvidar gjennom året		- 5 257		
Likviditetsbeholdning 1. januar		36 366		
Likviditetsbeholdning 31. desember		31 109		

INNETKTSSTRUKTUR FOR NOVA's SAMLA VERKSEMD 2009 (NOK 1000)


Inntektskjelder	NOK 1000	%
i) KD basisløyving totalt	27 293	31
Strategiske instituttprogram	4 370	5
Grunnløyving	22 923	26
ii) Noregs forskingsråd	17 547	20
iii) Bidragsinntekter	3 675	4
iv) Departement og underliggjande einingar	15 329	17
v) Kommunar / fylkeskommunar	2 404	3
vi) Utlandet	16 019	18
vii) Andre oppdragsinntekter	5 826	7
